



Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Fosse Fidjestøl, 5764 3156

Krav om lovlegkontroll - Sunnfjord – detaljreguleringsplan for Engebø

Vi viser til krav om lovlegkontroll som vart sendt til oss 04.11.2019, som gjeld vedtak frå tidlegare Naustdal kommunestyre 22.08.2019, sak 19/040 om detaljreguleringsplan for Engebø. Vi har også handsama klage på det same vedtaket 31.01.2020. I klagesaka vart kommunens vedtak om detaljreguleringsplan stadfesta.

Vedtak

Tidlegare Naustdal kommune sitt vedtak i sak 19/040 den 22.08.2019 er lovleg.

Kommunestyrerepresentantane Eiliv Erdal, Jonny Følling, Eivind Husabø, Åsmund Berthelsen, Ole Erik Thingnes, Marie Neset og Stig Petterson har 11.09.2019 fremja krav om lovlegkontroll av vedtaket om detaljregulering.

Der det ligg føre både krav om lovlegkontroll etter kommunelova § 59, og klage etter reglane i forvaltningslova, har Kommunal- og moderniseringsdepartementet rådd til at forvaltningsklagen bør avgjerast før behandlinga av kravet om lovlegkontroll tek til¹. Fylkesmannen stilte difor behandlinga av kravet om lovlegkontroll i ro slik at det kunne handsamast etter at forvaltningsklagen var avgjort.

Innhaldet i kravet om lovlegkontroll

Kommunestyrerepresentantane meiner fleire av dei andre representantane var ugilde til å handsame planen, sidan dei på ulikt vis har tilknytning til Nordic Mining ASA. Nordic Mining ASA (NOM) er eit gruveselskap som ønskjer å utvinne mineralet rutil frå Engebøfjellet, og dei er initiativtakar til detaljreguleringsplanen for Engebø.

Kommunestyrerepresentantane hevdar at ugildskapsspørsmålet var for dårleg opplyst før møtet, sidan det ikkje var sendt ut ei særskilt vurdering av habilitet, eller utgreiing av problemstillingar om ugildskap før møtet.

Det vert hevda at Steinar Kvame er ugild sidan han

¹ Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar H-2299 s. 20, jf. også Prop. 46 L (2017-2018) s. 327



- Er bror til ein aksjonær i NOM
- Tidlegare har eigd aksjer i NOM
- Er medeigar i eit større selskap som ønskjer å tilby tenester til NOM

Det vert hevda at Odd Gunnar Røyseth er ugild, sidan

- Han leiger ut driftslokale på garden sin til NOM
- Bror hans er medeigar i same selskap som Steinar Kvame

Det vert hevda at dåverande ordførar Håkon Myrvang i tillegg til Fredrik Myrvang er ugilde, sidan dei høvesvis er svigerfar og svoger til Odd Gunnar Røyseth.

Det vert hevda det var feil at Ole Erik Thingnes måtte gå frå medan habiliteten hans vart vurdert. Dei meiner at resultatet kunne ha vorte eit anna dersom han hadde fått delta i debatten og røystinga om ugildskap.

De meiner at den samla verknaden av at fleire i kommunestyret har relasjonar til Nordic Mining ASA, gjer at det kan stillast spørsmål ved habiliteten til medlemmene i kommunestyret som kollegium.

Handsaminga

Kommunen handsama kravet om lovlegkontroll 26.09.2019, og konkluderte med at det ikkje låg føre ugildskap hjå nokon av representantane.

Regelverk

Lovlegkontroll

Kravet om lovlegkontroll er fremja med heimel kommunelova (1992) § 59.

Fylkesmannen er delegert mynde til å utføre lovlegkontroll på det aktuelle området, jf. rundskriv H-25/92 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Nærare retningslinjer for lovlegkontroll er gitt i rundskriv H-2299 av 21.10.2013.

Dersom ei kommunal avgjerd vert teken opp til kontroll, skal Fylkesmannen etter § 59 nr 4 bokstav a til c ta stilling til om:

- innhaldet i avgjerda er lovleg
- avgjerda er teken av nokon som har mynde til å ta slik avgjerd
- avgjerda har kome til på rett måte

Fylkesmannen skal oppheve vedtaket dersom det er gjort feil som gjer at avgjerda er ugyldig.

Habilitet

Avgjerd av habilitetsspørsmålet i kollegiale organ er regulert av forvaltningslova § 8 andre og tredje ledd:

«I kollegiale organ treffes avgjørelsen av organet selv, uten at vedkommende medlem deltar. Dersom det i en og samme sak oppstår spørsmål om ugildhet for flere medlemmer, kan ingen av dem delta ved avgjørelsen av sin egen eller et annet medlems habilitet, med mindre organet ellers ikke ville være vedtaksført i spørsmålet. I sistnevnte tilfelle skal alle møtende medlemmer delta.



Medlem skal i god tid si fra om forhold som gjør eller kan gjøre ham ugild. Før spørsmålet avgjøres, bør varamann eller annen stedfortreder innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad.»

Rettleiaren *Habilitet i kommuner og fylkeskommuner* har følgende merknader til disse føresegnene:

«I kollegiale organer er det organet selv som avgjør om det enkelte medlemmet er habilt eller inhabilt, jf. § 8 annet ledd. Beslutningen kan ikke delegeres. Det medlemmet habilitetsspørsmålet gjelder kan gi uttrykk for sin oppfatning av spørsmålet og må også kunne uttale seg i saken som part eller liknende. Utover dette kan ikke medlemmet delta i avgjørelsen, verken i drøftingen av eller avstemningen i saken.

Medlemmer av kollegiale organer har plikt til å vurdere sin egen habilitet, og skal i god tid før møtet melde fra om forhold som har betydning for egen habilitet. Dette er nødvendig for at det skal være tid til å innkalle varamedlem som stedfortreder, jf. § 8 tredje ledd. Varamannen bør «innkalles til å møte og delta ved avgjørelsen dersom det kan gjøres uten vesentlig tidsspille eller kostnad».

Oppstår det spørsmål om flere medlemmers habilitet i samme sak, skal de alle avstå fra å delta i habilitetsavgjørelsene. Dette gjelder både for sin egen og andres habilitet og selv om grunnlaget for inhabilitetsproblematikken er helt forskjellig for de respektive enkeltmedlemmene. En forutsetning er imidlertid at organet er vedtaksført. Dersom det i en sak er så mange inhabile medlemmer at det kollegiale organet ikke er vedtaksført, og det ikke er kalt inn varamedlemmer, er det lagt til grunn at samtlige medlemmer likevel skal delta i avgjørelsen av medlemmenes habilitet.»

Fylkesmannen si vurdering

Krav om kontroll er sendt innan tre veker etter vedtaket og fremja av fleire enn tre medlemmar av kommunestyret, ref. kommunelova § 59 nr. 1 og nr. 7, jf. forskrift 13 januar 1993 om tidsfrist for krav om lovlighetskontroll § 1.

Om avgjerda er gjort av rett organ

Av saka går det fram at det vedtaket som skal kontrollerast er gjort av kommunestyret i Naustdal. Etter plan- og bygningslova § 12-12 første ledd, er det kommunestyret som skal vedta reguleringsplanar. Fylkesmannen legg difor til grunn at vedtaket om detaljreguleringsplan er gjort av rett organ.

Om innhaldet i avgjerda er lovleg

Kommunen har vedteke detaljreguleringsplan. Planen har vore klagehandsama hjå Fylkesmannen, der vi har teke stilling til innhaldet i vedtaket. Vedtaket vart stadfesta 31.01.2020, og vi viser til vårt vedtak i klagesaka. Fylkesmannen finn ut frå dette ikkje grunnlag for å seie at innhaldet i vedtaket er ulovleg. For ordens skuld nemner vi at kravet om lovlegkontroll heller ikkje gjeld innhaldet i vedtaket.

Om avgjerda har kome til på rett måte

Det vert hevda at fleire medlemmer av kommunestyret som var med og avgjorde plansaka, var ugilde, og at avgjerda difor ikkje har kome til på rett måte. Vi går i det følgjande inn på spørsmåla som er reist i kravet.

Habilitet for kommunestyret som kollegium

Det vert stilt spørsmål om kommunestyret som kollegium er ugilde. Vi har ikkje reglar om organinhabilitet i norsk rett. Eit organ, som kommunestyret, kan difor ikkje verte ugild etter reglane i forvaltningslova.



Det er enkeltpersonar, det vil seie tenestemenn eller andre som utfører teneste eller arbeid for eit forvaltningsorgan, som kan verte ugilde etter forvaltningslova, jf. § 6 første ledd og § 10. Sjølv om fleire personar kan vere ugilde i ei sak, fører dette ikkje til at organet i seg sjølv vert ugild. Våre vurderingar av ugildskap er difor knytt til enkeltpersonar.

Opplysning av saka og gjennomføring av habilitetsvurdering

For det første hevdar medlemmene at ugildskapsspørsmålet var for dårleg opplyst før møtet, sidan det ikkje var sendt ut ei særskilt vurdering av habilitet, eller utgreiing av problemstillingar om ugildskap. Vidare hevdar medlemmene at det var feil at Ole Erik Thingnes måtte gå frå medan habiliteten vart vurdert.

Det går fram av saka at planen vart fremja til kommunestyremøte 27.06.19, og at saka vart utsett til møte 22.08.2019 på grunn av førebuing av spørsmål om habilitet. Dette forstår Fylkesmannen slik at habilitetsspørsmålet ikkje var godt nok opplyst til møtet den 27. juni.

Spørsmålet vert då om det medfører at saka var for dårleg opplyst også 22.08.2019, når det ikkje før møtet vart opplyst om det var personar som ville ta opp spørsmålet om sin eigen habilitet, og det heller ikkje før møtet vart lagt fram utgreiing av habilitet for dei enkelte medlemmane.

Det går fram av saka at ordføraren før saka kom opp på nytt, hadde kontakt med alle gruppeleiarane for å oppmode dei om å vurdere habilitet. Dette var med tanke på eventuell innkalling av vara. Kommunen viser vidare til at Røyseth og Kvame la fram fakta slik at administrasjon og politisk leiing kunne førebu seg før møtet.

Fylkesmannen vurderer det slik at denne handlemåten er i tråd med forvaltningslova § 8 tredje ledd. Vi kan ikkje sjå at det er noko krav til at heile kommunestyret på førehand skal varslast om kven som ønskjer å bli vurdert med tanke på habilitet.

Vidare vart det sendt ut skriv med generell informasjon om ugildskapsreglar før møtet. Under møtet vart det også gitt ei munnleg orientering om habilitetsreglane. Såleis har rådmannen førebudd medlemmene med tanke på det juridiske bakteppet for avgjerda om ugildskap. Etter det Fylkesmannen kan sjå, gjer dette at saka vart betre opplyst og at medlemmene fekk høve til å førebu seg på å vurdere habiliteten til medlemmene.

Rådmannen la vidare fram si vurdering av habilitet for dei enkelte medlemmene, når spørsmålet kom opp i møtet. Spørsmålet blir om tidspunktet rådmannen si utgreiing av og tilråding i habilitetsspørsmålet vart lagt fram, altså i kommunestyremøtet, var for seint til at saka kan vurderast som godt nok opplyst.

Det at rådmannen hadde førebudd spørsmåla før møtet, gjer at saka var opplyst med tanke på fakta, og med rådmannen sitt syn på korleis reglane skulle forståast for dei enkelte tilfelle. Fylkesmannen ser av saka at kommunestyret med utgreiingane frå administrasjonen hadde eit godt grunnlag for å avgjere habilitetsspørsmålet, og at administrasjonen har oppfylt si plikt til forsvarleg utgreiing etter kommunelova (1992) § 23 nr. 2. Når det gjeld tidspunkt for framlegging av utgreiinga, er kravet i forvaltningslova § 17 at «forvaltningsorganet» skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg «før vedtak treffes».

Som kommunen seier, så er det organet sjølv, altså kommunestyret, som skal avgjere habilitetsspørsmålet, og det er også dei som må vurdere om ei sak er godt nok opplyst, og i tilfelle om dei treng lengre tid på å vurdere ugildskapsspørsmålet på grunn av at utgreiingar først vert lagt



fram i møtet. Det går ikkje fram av saka at dei har vurdert spørsmålet som ikkje godt nok utgreidd før møtet. Fylkesmannen legg avgjerande vekt på at utgreiingane er lagde fram i møtet når ugildskapsvurderinga skulle gjerast, slik at opplysningane er komne fram før vedtak vart treft.

Når det gjeld spørsmålet om Ole Thingnes skulle gå frå under vurderinga av habilitet, følgjer det av forvaltningslova § 8 andre ledd, nemnt over, at der det er stilt spørsmål ved fleire sin habilitet, skal alle gå frå ved vurderinga. Ifølgje rettleiaren som er sitert over, gjeld dette sjølv om grunnlaget for habilitetsvurderinga er heilt ulik for dei enkelte medlemmene. Føresetnaden her er at organet er vedtaksført.

Kommunestyret i Naustdal hadde i alt 21 medlemmer og 19 møtte på det aktuelle møtet. Då habilitetsspørsmålet vart avgjort, gjekk fem medlemmer frå. Kommunestyret hadde dermed tilstrekkeleg tal røysteføre medlemmer til å avgjere spørsmålet. Fylkesmannen konkluderer med at det var i tråd med forvaltningslova § 8 andre ledd at også Thingnes gjekk frå ved kommunestyret si vurdering av ugildskap.

Habilitetsvurdering av Steinar Kvame

Det er hevda at Steinar Kvame er ugild sidan han har ein bror som er aksjonær i Nordic Mining (NOM), fordi han tidlegare sjølv har vore aksjonær i NOM, og fordi han er medeigar i eit større selskap som ønskjer å tilby tenester til NOM.

Det er på det reine at Kvame ikkje sjølv er part i saka, eller har slektskap eller tilsetjingsforhold til nokon som er part i saka. Han er difor ikkje ugild etter forvaltningslova § 6 første ledd.

Spørsmålet vert vidare om momenta som er nemnde over gjer at det ligg føre «særegne forhold» som er eigna til å «svekke tilliten til hans upartiskhet», jf. § 6 andre ledd.

Når det gjeld det forholdet at Steinar Kvame tidlegare har eigd aksjer i NOM, kan vi ikkje sjå at dette gjer han ugild i saka. Om til dømes aksjeprisen på aksjane i Nordic Mining går opp eller ned, vil ikkje dette få verknad for han. Vi kan ikkje sjå at det tidlegare forholdet var av ein slik art at det framleis svekkjer tillita til at han er upartisk. Det at ein tidlegare har hatt aksjer i eit selskap, medfører ikkje etter Fylkesmannens syn at det ligg føre eit «*særegent forhold som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet*».

Vidare vert det spørsmål om det er eit særeige forhold at bror hans har aksjar i NOM, og om dette er eigna til å svekkje tillita til at han er upartisk i saka. Det er opplyst at verdien på desse er 116 000 kr på vedtakstidspunktet, som utgjer ein del på 0,035 prosent av aksjane.

Det at Steinar Kvame sin bror har aksjar i NOM, gjer at broren har ei viss økonomisk tilknytning til selskapet, som ikkje alle andre har. Fylkesmannen er samd med kommunen i at dette kan vere eit særeige forhold, slik forvaltningslova viser til i § 6 andre ledd.

I og med at dette ikkje er omfatta av habilitetsreglane etter første ledd, må det gjerast ei vurdering etter § 6 andre ledd.

Det skal leggjast vekt på om avgjerda vil medføre særleg fordel, tap eller ulempe for «noen som han har nær personlig tilknytning til».

Det eine spørsmålet blir då kva storleik aksjeposten har, og elles om vedtaket vil utløyse nokon økonomisk verknad for broren.



Som nemnt utgjer aksjeposten ein del på 0,035 prosent av aksjane. Lovavdelinga i tidlegare Justis- og politidepartementet har gitt uttrykk for at påverknaden og innflytelsen i selskapet var liten og ubetydeleg², i ei sak der eigardelen var på 2,5%. Dei vurderte det slik at dette neppe kunne føre til ugildskap for ein fiskeriminister. Dette er også eit syn som er støtta i teorien³. Fylkesmannen har difor kome til at aksjeposten er såpass liten at det i så fall må vere andre forhold i tillegg til aksjeposten som etter ei breiare vurdering tilseier ugildskap.

Vidare seier Frihagen, inhabilitet, 1985 s. 245 følgjande:

*«Der verken vedkommende tjenestemann eller folkevalgt selv eller deres nærmeste direkte er part i saken og de heller ikke sitter i styreverv e. l. i et selskap som er part, kan det etter § 6, 2. ledd bli nødvendig med en totalvurdering av **sakens art og betydning, hvorledes og hvor nær tjenestemannen har tilknytning til saken og dens utfall, og hvilken oppgave og innflytelse tjenestemannen får ved saksbehandlingen for å klarlegge om en forretningsmessig eller økonomisk interesse ellers vil føre til inhabilitet.**»*

Kvame er medlem i kommunestyret, og har såleis påverknadsmoglegheiter i kraft av dette tillitsvervet. Han har ikkje noko annan tilknytning til førebuinga av saka enn som kommunestyrerepresentant. Han har til dømes ikkje vore med og laga saksframstillinga eller lagt til rette dokumentasjonen i saka.

Det skal også vere ein viss terskel før ugildskap oppstår for medlemmer i politiske organ, sidan vurderingar og standpunkt kan vere samansette og der både politiske, religiøse og etiske premiss kan framførast⁴. Her kan ein ofte kunne forutsjå kva standpunkt politikarar vil ha i ei sak, og dei kan også vere vald inn i organet for å fremje visse synspunkt. Engebø-saka er ei stor politisk sak for tidlegare Naustdal kommune, som er kontroversiell og som kommunestyrerepresentantane truleg har vore opne om sine standpunkt i.

Etter ei samla vurdering har vi kome til at Steinar Kvame ikkje er ugild på grunn av at bror hans har ein aksjepost på 0,035 prosent av aksjane i NOM.

Det er vidare hevda at Kvame er ugild fordi han er medeigar og styremedlem i Sunnfjord Industripartner AS (Sipa AS) som ønskjer å tilby tenester til NOM.

Det går fram av Firda 10.01.2019 at bak Sipa AS står Entreprenørservice AS, H. Kvame AS, Magne Hafstad AS og Røyseth Maskin AS, i tillegg til at tre privatpersonar og Mallasvik invest AS er medeigarar (sjå faktaboks).

Aksjonærar i Sipa AS er Entreprenørservice AS 20 %, Røyseth Maskin AS 20 %, Magne Hafstad AS 20 %, H. Kvame AS 20 %. Vidare eig Magne Hafstad, Harald Kvame, Jan Støfring (som privatpersonar) til saman 10 %, og Mallasvik Invest 10 %.

Per 10.01.2019 var aksjekapitalen i selskapet på 300 000 kroner. Selskapet er skipa for at fire lokale maskinentreprenørar i lag kan vere med å konkurrere om kontrakter som dei ikkje kan ta på seg kvar for seg.

² Tolgingsfråsegn frå tidlegare Justis- og politidepartementet saksnr.:1997/11160, <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-6---statsradens-habilitet-i-regulerings/id456193/>

³ Woxholth, forvaltningsloven 2006 s. 155

⁴ Woxholth, forvaltningsloven s. 157



Vi slår for det første fast at Sipa AS ikkje er part i saka. Reguleringsplanen gjeld ikkje selskapet direkte, men dei kan konkurrere om kontraktar med gruveselskap som er aktørar når reguleringsplanen skal gjennomførast.

Spørsmålet vert då om det at bror til Steinar Kvame er styremedlem og medeigar i Sipa AS, medfører at Steinar Kvame er ugild. Vidare spørst det om Steinar Kvame sjølv, som har ein mindre aksjepost i H. Kvame AS, kan verte ugild på grunn av dette.

Vi kan ikkje sjå at aksjeposten som Steinar Kvame har i H. Kvame AS, som igjen er medeigarar i Sipa AS, kan medføre at han er ugild i saka. Grunngevinga for dette er den same som over, at aksjeposten er liten.

Det skal leggjast vekt på om avgjerda vil medføre særleg fordel, tap eller ulempe for «noen som han har nær personlig tilknytning til».

Spørsmålet vert då om det er eit særeige forhold som medfører særleg fordel for broren. Når det gjeld broren sitt eigarskap og styreverv i Sipa AS, kan dette vere eit særeige forhold som kan svekke tillita. Spørsmålet er då kor nær tilknytning til Nordic Mining dette selskapet har. Det går fram av saka at selskapet er rigga for å kunne konkurrere om større oppdrag i Sunnfjord, ma. mogeleg mineralutvinning i Engebøfjellet. Det vil seie at dei på lik linje med andre entreprenørar kan konkurrere om oppdrag, og Sipa AS er såleis ikkje i noko særstilling i høve til andre entreprenørar. Dersom Sipa får ei slik kontrakt med gruveselskapet, kan det likevel vere av stor økonomisk betydning for Sipa AS.

Det er ikkje klarlagt at Sipa faktisk vil få ei kontrakt om planen vert vedteken. Denne avgjerda skal ikkje takast av kommunen, men av gruveselskapet som har fått konsesjon.

Elles kan vi ikkje sjå at detaljreguleringsplanen har nær nok samanheng med det økonomiske utfallet for Kvame sin bror. Detaljreguleringa dreier seg om planendringar og detaljerte løysingar, arealdisponeringa til gruvedrift er avgjort tidlegare og så å seie uendra ved denne planen. Vidare er det konsesjon som gir løyve til gruvedrift, denne vert ikkje avgjort av kommunen. Ein detaljreguleringsplan er nødvendig for gjennomføring av arealbruken, men det er altså ikkje her avgjerda verken om arealbruken, eller om Nordic Mining skal få drive, vert teken. Vi reknar difor samanhengen mellom detaljreguleringsplanen og oppdrag for Sipa AS for liten og usikker, og ikkje nok i seg sjølv til at Kvame vert ugild.

Etter dette kan vi ikkje sjå at forholda som gjeld bror til Steinar Kvame, verken kvar for seg eller samla, er nok til at han skal reknast som ugild i saka.

Habilitetsvurdering av Odd Gunnar Røyseth

Det vert hevda at Odd Gunnar Røyseth er ugild, fordi han leiger ut driftslokale til Nordic Mining. Vidare vert det hevda at Røyseth er ugild, fordi broren hans er medeigar i same selskap som Steinar Kvame.

Det er på det reine at Røyseth ikkje sjølv er part i saka, eller har slektskap eller tilsetjingsforhold til nokon som er part i saka. Leigeforholdet gjer heller ikkje at Røyseth er part i saka. Han er difor ikkje ugild etter forvaltningslova § 6 første ledd.

Spørsmålet vert vidare om leigeforholdet med NOM er eit særeige forhold som er eigna til å «svekke tilliten til hans upartiskhet», jf. § 6 andre ledd. Vi vurderer det slik at eit leigeforhold kan vere eit



særeige forhold, då det er eit forretningsforhold mellom NOM og Røyseth som gir han leigeinntekter som utgjer 25 % av den samla inntekta til Røyseth.

Etter opplysningane i saka er leigekontrakt allereie inngått for ein viss periode, slik at vedtaket verken vil utløyse noko leigeforhold, samstundes som manglande vedtak ikkje vil avslutte noko leigeforhold.

Spørsmålet vert då om vedtaket har betydning for framtidige moglegheiter for utleige til Nordic Mining.

Etter Fylkesmannens syn vil vurderingane bli mykje likt det som er gjort over, om samanhengen mellom sjanse for entreprenørkontrakter og vedtakinga av detaljreguleringa. Det avgjerande for Nordic Mining si gruvedrift har nok vore arealbruken, som tidlegare er avgjort, og konsesjonen, som ikkje vert avgjort av kommunen.

Bror til Odd Gunnar Røyseth er dagleg leiar i Røyseth Maskin AS. Vidare er han styremedlem i Sipa AS, og Røyseth maskin eig som nemnt over 20% i Sipa AS.

Vurderingane her vert dei same som for Steinar og Harald Kvame nemnt over. Vi konkluderer derfor med at tilknytninga bror til Røyseth har gjennom Røyseth maskin og Sipa AS, ikkje er nok til å gjere Odd Gunnar Røyseth ugild.

Vurdering av ugildskap for Håkon og Fredrik Myrvang

Håkon og Fredrik Myrvang er svigerfar og svoger til Røyseth.

Ugildskap for desse kjem an på om Røyseth vert rekna som ugild. Kommunestyret rekna ikkje Røyseth som ugild, og det var ut frå dette ikkje grunnlag for at svigerfar og svoger heller skulle reknast som ugilde.

Vi har over kome til at Røyset ikkje var ugild i saka, og dermed kan vi heller ikkje sjå at Håkon eller Fredrik Myrvang skulle vere ugilde.

Oppsummering

Fylkesmannen har etter dette vurdert vedtaket etter kommunelova § 59 nr. 4 bokstav a til c. Vi har kome til at vedtaket ikkje har feil som gjer at avgjerda er ugyldig.

Det er ikkje klagerett på denne avgjerda.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent